





# Alma sin familie

**Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:**

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

**Eller les ei lita fortelling om Alma**



Alma er fem år og bur saman med mamma og hunden Truls. Dei er ein liten familie, men Alma synest dei er akkurat passeleg mange.

Mamma og Alma liknar ikkje på kvarandre. Mamma har lysare hud og hårfarge og rundare auge enn Alma. Det er fordi Alma er adoptert. Å vere adoptert betyr at dei foreldra som laga barnet ikkje kunne vere foreldre, og då får nokre andre lov å bli foreldra til barnet.

Mamma hadde ønska seg eit barn kjempelenge då ho til slutt fekk reise til Kina og hente Alma. Alma huskar det ikkje sjølv, for ho var berre eitt år då mamma kom. Etterpå har ho og mamma vore saman nesten heile tida, bortsett frå når Alma er i barnehagen.

Kvar kveld før Alma skal legge seg går ho og mamma tur med Truls. Alma får lov å halde Truls sitt band og dei spring fort saman bortover vegen. Men nokre gongar møter dei andre hundar og då må mamma halde bandet til Truls, for Truls kan bli ganske bråkete og sint på nokon andre hundar. Alma er veldig glad i Truls. Når Alma er lei seg fordi nokon har sagt noko slemt til henne i barnehagen brukar Truls å trøyste henne. Då legg han hovudet sitt i fanget hennar og let henne klappe han så lenge ho vil. Når Alma klappar Truls kjenner ho at ho blir rolegare inni seg.

**Snakk saman:**

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.